

Lange køer og gode Knapphus-tilbud!

26.02.2016



Knapphus og Auto 88 i kompaniskap i ettermiddag: Jarle Sjurseike og Trond Birk frå Rogalandsfirmaet og Anve Gausvik frå Kvinnherad.

(Oppdatert kl.14.30) Auto 88 har skifta ham. Verkstaden held fram som før, men bensin og olje har fått ny leverandør, og det er eit nesten lokalt firma. Knapphus Energi held til i Vats og har 55 tilsette. Dei har bensinstasjonar både i Stavanger og Haugesund, men tilveksten i Uskedalen er den første på våre kantar..



Lange køar og gode tilbud.


Som det seg hør og bør vert skiftet markert med ei rekkje gode tilbud. Til dømes får ein 30 prosent nedslag på olje hvis ein bestiller service, og 30 prosent nedslag på Boshviskarar. Dristoffprisane var også sett kraftig ned. Her kunne ein få diesel til godt under tiaren(9,79 kr) og bensin med tilsvarande avslag. Dei gode tilboda varer fram til kl.18 i kveld.

Eit gratislotteri, med EU-kontroll og 50 liter drivstoff som gevinstar, trekt ut blant dei som handla og skreiv seg på liste, må også nemnast. Inne vart det servert kaffi og marsipankake i samband med storhendinga.

Då vi var innom i 14-tida, var det lange køar med bilar som skulle fylla billeg drivstoff i begge retningar. Tilsette både frå Auto 88 AS og Knapphus Energi hadde det travelt med å gje service til kundane. Dei som stod i drivstoffkø, fekk mellom anna tilbud om å få fyllt opp tanken med gratis spylevæske.

Ein representant frå Knapphus Energi kunne fortelja at bilar byrja å stilla seg i kø 1 time før den planlagte opninga kl.13.

- Derfor starta vi med tilboda kl.12, og etter det har det vore like store køar som no.



[Marsipankake og kaffi hørde med til feiringa.](#)

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen/ Thor Inge Døssland

